



Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Svein Kornerud, 55572027

Vår dato
18.11.2015
Dykkar dato
22.10.2015

Vår referanse
2015/13768 421.3
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Meland - gnr. 1 bnr. 57, 284 - Flatøy - uttale til dispensasjon til utfylling i sjø

Vi viser til brev dagsett 22.10.2015, dykkar ref. 14/3594. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plankrav i kommuneplanens arealDEL for utfylling i sjø mellom gnr. 1 bnr. 57 og gnr. 1 bnr. 284.

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna i kommuneplanen ikkje vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane med å gi dispensasjon vere klart større enn ulemepene, jf. plan og bygningslova (tbl.) § 19-2.

Bakgrunn

Meland kommune gav rammeløyve til tiltaket den 01.12.2014. På bakgrunn av at vedtaket ikkje var i tråd med reguleringsplanen for området, gjorde Fylkesmannen i Hordaland vedtak om oppheving av rammeløyvet den 22.05.2015. Meland kommune sendte den 15.07.2015 ein førespurnad til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om å gjere om Fylkesmannen i Hordaland sitt vedtak etter forvaltingslova (fvl.) § 35 andre ledd bokstav c), alternativt etter fvl. § 35 femte ledd. Departementet fant i brev av 01.10.2015 ikkje grunnlag til å gjere om Fylkesmannen sitt vedtak.

I same brev skreiv departementet også at vilkåra for dispensasjon ville kunne vere til stades. Det vart mellom anna vist til at det er snakk om utviding av eit eksisterande industriområde, og at det ikkje skal oppførast bygningar på området. Det legg vekt på at det er innhenta konsekvensvurderingar av maritimt biologisk mangfald og strømforhold, og meiner vidare at det er sterke samfunnsmessige omsyn som talar for ei rask avklaring i saka. Departementet skriv også at kommunen kan vurdere om det, samtidig med eit eventuelt løyve, bør stillast krav om at tiltaket bør følgjast opp med ny reguleringsplan.

Fylkesmannen si vurdering

Det hadde utan tvil vore best for både tiltakshavar, naboar og samfunnet om arealføremålet på staden blei endra i reguleringsplan, eller at det blir utarbeidd ein ny reguleringsplan for området i samsvar med kommuneplanen sin arealDEL. Det ville ivaretatt omsyna til samfunn og miljø på ein betre måte en ein dispensasjon kan gjere. Det ville også ha gitt den beste prosessen for medverknad, der også klageprosessen hadde blitt tatt i samband med reguleringsplanen, og hadde sikra tiltakshavar eit varig resultat for arealdisponeringa. Den samla hand-saminga hadde blitt betre, og slutthandsaminga kunne ha gitt eit raskare og sikrare resultat for tiltakshavar. Fylkesmannen i Hordaland finn grunn til å gjere merksam på at kommunen har valt ein framgangsmåte i saka som har vore tidkrevjande og usikker. Vi kan ikkje sjå at det

ville ha tatt lengre tid for tiltakshavar å få utarbeidd ein reguleringsplan, eller ei endring av planen for området, parallelt med sluttføring av arealdelen i kommuneplanen. Det ville også ha gitt eit sikrare resultat for tiltakshavar.

Fylkesmannen er samd med kommunen og departementet i at det er viktig for lokalsamfunnet å sikre staden for verksemda og arbeidsplassane ved FRAMO. Det er derfor mogleg at vilkåra for dispensasjon frå plankravet i dette konkrete tilfellet vil kunne vere til stades. Det vil komme fram gjennom ei framstilling av alle omsyna som må takast og vurderast om den samfunnsmessige verdien som det er å sikre arbeidsplassane. Vi rår kommunen til å sjå til at det er, eller blir gjort alle dei utgreiingar som saka krev, her også vurderingar for områda og interessene rundt tiltaket som dette kan ha verknader for. Det er grundige og gode utgreiingar og vurderingar som vil bringe saka raskast mogeleg fram til eit sluttresultat. Kommunen er ansvarleg for dette.

Vi minner elles om at det også må søkjast om løyve etter forureiningsforskrifta kap. 22 for utfylling i sjø.

Dersom kommunen finn at det er grunnlag for ein dispensasjon frå plankravet etter å ha vurdert dei nødvendige utgreiingane, tilrår vi at kommunen i så fall gir ein midlertidig dispensasjon med vilkår om at det skal verte utarbeidd ein ny reguleringsplan i tråd med kommuneplanen.

Fylkesmannen i Hordaland ber om å få eventuelt vedtak til klagehandsaming.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Arve Meidell
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.